

Handlingsplan

for

Bjørnafjorden ungdomsråd

Godkjend av Bjørnafjorden ungdomsråd 29.11.2021 i sak 70/2021

1: KULTURTILBOD

For at ungdom i Bjørnafjorden skal ha gode kvardagsliv, **må vi ha eit variert og godt kultur- og fritidstilbod**. Vi **treng gode møteplassar** som bind kommunen og ungdomane saman på tvers av fjorden.

Tiltak/ strategiar:

- Ungdomsrådet ønskjer å ha eit variert og attraktivt fritidstilbod på begge sider av fjorden, eksempel ungdomsgrupper i turlaget og LAN, med gratis transport til og frå.
- Fleire bør få høve til å delta på kulturskuletilbodet. Her kan ein vurdere eit samarbeid med t.d Kongshaug slik at «ungdom kan lære ungdom»
- Ungdomsrådet jobbar for at alle skal få ta del i ein fritidsaktivitet uavhengig av økonomi. Ungdomsrådet nemner BUA og byttesentralar som viktige tilbod for å utjamna forskjellar.

2: OFFENTLEG TRANSPORT

For at ungdom skal leva aktive liv i den nye kommunen, må vi satsa på **betre offentleg kommunikasjon** med fleire bussavgangar mellom Osøyro og Eikelandsosen og ut til krinsane.

Tiltak/ strategiar:

- Jobba målretta inn mot Ungdommens fylkesting for betra kollektivtilbodet
- Vurdere «Hent-meg-buss i område der ein har dårleg dekning av busstilbod i vekedagar og i helg. Legg til at det må vere enklare å komme seg frå A til Å.
- Jobba for betre kvalitet på det tilbodet ein har. Bussane må komma når dei skal og vera forutsigbare, då vil fleire ta buss.
- Ekspressbåtrute internt i Bjørnafjorden kommune må greiast ut
- Ta kontakt med Skyss for å for å få fleire bussruter
- Kartlegga behovet for kollektivtransport i helger og feriar – tidspunkt og frekvens gjer at det i dag er eit dårleg tilbod.
- Rimelegare Ungdomskort

3: TRYGGE UNGDOMSMILJØ

For at ungdom skal leva gode liv i Bjørnafjorden kommune skal oppleva trygge ungdomsmiljø både sosialt og digitalt må vi **styrka arbeidet mot mobbing**, krenkande språkbruk, krenkande handlingar i ungdomsmiljøa og jobba førebyggjande med nettvett.

Tiltak/ strategiar:

- Legga til rette for fellesskap rundt måltid både i skulen og på fritida
- Lære nettvett tidleg i barneskulen. Nyttar elevar i vgs som har det som ein del av eit fag i eit samarbeid med barneskulen.
- Arbeida for auka toleranse og mindre framandfrykt. Førebyggja uheldig språkbruk i ungdomsmiljøa.
- Auka satsing på haldningsskapande tiltak og kampanjar. Viktig med tidleg innsats alt på barnetrinnet.
- I større grad bruka film og sosiale media inn mot ungdom.

4: TRYGGE LIV

For at ungdom i Bjørnafjorden kommune skal ha trygge liv, må vi satsa på trafiksikring i nærmiljøa. Barn og unge sin rett til gode fysiske oppvekstvilkår må respekterast, og **barn og unge må bli involverte og høyrde** i samfunnsplanlegging og politiske prosessar.

Tiltak/ strategiar:

- Bruk av refleks må vera norma. Her kan kanskje kleskjedene vera med og gjera tiltak, der ein har innfelt refleks i ytterplagg og sko.
- Tidleg og god involvering av barn og ungdom i planprosessar
- Trygging av skuleveggar må ha høgare prioritet
- Bruka skulepatruljar til å sikra kritiske punkt. Gjev både trafikktryggleik og sosial tryggleik.
- Gratis skuletransport for alle som ønskjer det kan få bort foreldrekøyringa
- Meir fokus på brøyting av fortau – blir ofte nedprioritert
- Generell utbetring av vegnett

5: FØREBYGGANDE HELSETENESTER

For at ungdom i Bjørnafjorden skal oppleva god helse, må vi ha **gode førebyggande helsetenester** som er lett tilgjengelege der ungdom oppheld seg, og på tidspunkt der ungdom kan bruka tilboda. For eksempel helsestasjon for ungdom i idrettshallar eller andre aktivitetsarenaer.

Tiltak/ strategiar:

- Helsestasjon for ungdom til fast tid på begge sider av fjorden også etter skuletid. Tilbod fleire stader i Bjørnafjorden kommune enn på Osøyro og Eikelandsosen.
- Helsesjukepleier på skulane, minst 3-4 gonger i veka. Varierande kor ofte dei er på skulane no.
- Vegen til psykisk helsehjelp må bli kortare.

6: KLIMA OG MILJØ

For å sikra ungdom ei god framtid er det viktig å få ei berekraftig utvikling i Bjørnafjorden kommune. Då treng vi **ein nytenkande kommune som set miljø og klimaspørsmål på dagsorden**

Tiltak/ strategiar:

- Gode rutinar for resirkulering på skulen og i andre offentlege bygg. For eksempel plastsortering, og mulighet for å skylla plast.
- Ladestasjonar for el-bil på skuleparkeringane
- Betre straumstyring i bygg der ungdom ferdast
- Kjeldesortering i alle kommunale bygg. Det må setjast ut fleire bosspann der ungdom ferdast; eks på strekningar som frå Bunnpris i Eikelandsosen til Fusa ungdomsskule og frå Os VGS til Meny, i tillegg utanfor skular og møtestader.
- Fokus på plastrydding i fjorden og nærmiljøa. Felles aksjonsdag i skulen.
- Avtala med lokale butikkar bruk av mat som er gått ut på dato til skulefrukost og -lunsj



7: UNDERVISNING

For å sikra ungdom godt læringsmiljø i Bjørnafjorden, må vi ha **best moglege undervisningstenester og eit skulemiljø som triggjar læring.**

Tiltak/ strategiar:

- Gratis skulefrukost på ungdomsskulane. Deretter på barneskulane.
- Forbedra lunsjtilbodet på skulane
- Læra korleis elevane kan bruka mobilen på ein aktiv og god måte i opplæringa, istaden for å forby bruk. Enten kutta mobilhotell eller forbedra det som er no.
- Opna for at elevar kan ha musikk på øyra når dei jobbar med skularbeid på skulen
- Det skal vera mogleg å velga datamaskin som kladde-/ skrivebok i fag der dette høver